

Samferdselsdepartementet
postmottak@sd.dep.no

Haugesund 24.09.20

Støtte til rassikring på Rv 13 inn i første del av NTP

Rv 13 er livsnerva i Suldal. Vegen er skuleveg, arbeidsveg og ein viktig veg for næringslivet vårt. Me treng ein trygg veg for skuleborna våre og for alle vegfarande. Den siste månaden har det gått fleire ras på RV 13 gjennom Suldal. Etter det siste raset i Rødsliane, har og vegen vore stengd enkelte netter på grunn av rasfare. Klimaendringane vil gi auka rasfare framover.

Etter at Sandsfjordbrua og Ryfast opna, har vegen vorte viktigare for resten av Ryfylke. Strekninga frå Stavanger langs RV 13 opp mot Røldal og E 134 har vorte kortare og har vorte eit betre alternativ for gjennomfart.

Rødsliane der det siste raset gjekk, er den mest rassutsette vegen i Rogaland og vart for 2 år sidan kåra til den 3. verste vegen i landet. Reguleringsplanen for tunell som rassikringstiltak i Rødsliane er klar. Arbeidet med tunellen kan startast straks, helst før Nasjonal transportplan vert vedteken. Suldal kommune har sett av midlar til å dekka rentekostnader ved eit lån, og Rogaland fylkeskommune er positive til ei forskottering.

Regionrådet for Haugalandet som tel 10 kommunar i Nord Rogaland, Sunnhordland og Indre Ryfylke støtter nasjonal rassikringsgruppe sitt krav om at det i førstkomande rullering av Nasjonal Transportplan (NTP) vert laga ein heilskapleg, nasjonal plan for skredsikring av riks- og fylkesvegnettet kva gjeld utbetring av alle punkt med høg og middels skredfaktor. Planen må sikrast prosjektfinansiering slik at den vert gjennomført samanhengande og kostnadseffektivt gjennom 12 årsperioden. Rassikring av Rødsliane i Suldal må inn i første del av NTP.

Med vennlig hilsen

sign.
Arne-Christian Mohn
Regionrådsleder



K. Tormod Karlsen
adm.dir.